

Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/18	033	05.03.2018	14.03.2018	JS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 17.01.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 17.01.18.2018.



Jostein Støylen
Dagleg leiar



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Gjerdsvika oppvekstsenter
Dato: 17.01.2018
Tid: 08.00 – 10.15

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Myklebust	Leiar	
Linda Solveig Dyrhol	Nestleiar	
Wenche Gjerde Sætre	Medlem	
Asbjørn Støylen	Medlem	

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	
Gro Brandal	Medlem

Varamedlemmar som møtte:

Namn	
Torbjørn Rekdal	

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Ida Birgitte Marholm	Konsulent

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
------	----------

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Bård Dalen	Helse- og omsorgssjef. I sak 06/18
Kari Johanne Skarmyr	Leiar for heimetenesta. I sak 06/18
Anne Margrethe Dybvik Hide	Rektor Gjerdsvika oppvekstsenter. I sak 06/18

SAKLISTE

- SAK 01/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017
- SAK 04/18 TILSYNSRAPPORT – SANDE KOMMUNE SOM
BARNEHAGEMYNDIGHEIT
- SAK 05/18 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2018
- SAK 06/18 ORIENTERINGSBESØK
- SAK 07/18 UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/18	033	02.01.2018	17.01.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/18	033	02.01.2018	17.01.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 22.11.2017.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 22.11.2017.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/18	033&58	02.01.2018	17.01.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2017

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/sande/Dmb?page=2640,9882&lang=1>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Kommunestyret	12.12
Formannskapet	28.11 12.12
Helse- og oppvekstutvalet	
Næring-, teknisk- og miljøutvalet	
Råd for likestilling av funksjonshemma	
Eldrerådet	13.11
Ungdomsrådet	
Administrasjonsutvalet	
Arbeidsmiljøutvalet	
Valstyret	
SSR IKS – styret	Sendt til leiar
SSR IKS – representantskapet	Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/18	099	02.01.2018	17.01.2018	IBM

TILSYNSRAPPORT – SANDE KOMMUNE SOM BARNEHAGEMYNDIGHEIT

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek tilsynsrapport vedkomande Sande kommune som barnehagemyndigheit til vitende.
2. Kontrollutvalet påpeikar at det er lenge sidan siste tilsyn etter barnehagelova ved alle barnehagane, og ber om tilbakemelding på plan for tilsyn som kommunen har utarbeida i 2017.

Vedlegg

Fylkesmannen i Møre og Romsdal: Endeleg tilsynsrapport – Tilsyn med Sande kommune som barnehagemyndigheit

Saksopplysningar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjennomført tilsyn med Sande kommune som barnehagemyndigheit.

Det overordna målet med tilsynet er at det skal styrke kommunen som barnehagemyndigheit. Det skal føre til betre bruk av verkemidlar som rettleiing, tilsyn og bruk av reaksjonsmidlar som har heimel i regelverket, og til betre kvalitet på godkjenningssverksemda. Tilsynet inneber kontroll med om kommunen følgjer aktuelle rettslege krav, slik at eventuell lovstridig praksis kan avdekkast og rettast opp.

Kommunen har ikkje påpeika feil eller manglar i førebels rapport, men gjort greie for tiltak som er sette i verk for å bøte på lovbrøt som var påviste i rapporten når det gjeld tilsyns- og godkjenningssverksemda i kommunen. Som det er gjort nærare greie for i kapittel 3 og 4 i denne rapporten, finn Fylkesmannen etter dette at lovbrøta som er påviste i førebels rapport, no må reknast som retta. Denne rapporten inneheld difor ikkje pålegg om retting. Som det er gjort greie for i kapittel 4.5 har Fylkesmannen likevel merknader til planane om å gå i gang med ein ny runde med godkjenning av barnehagane i kommunen.

Viser til vedlegg for meir detaljert informasjon kring saka.

I møtet

Kontrollutvalet registrerer at kommunen har sett i verk tiltak for å få i gang att, før Fylkesmannen varsla tilsyn, den kommunale tilsynssverksemda i løpet av 2017, jf. tilsynsrapporten side 12.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/18	033	10.01.2018	17.01.2018	IBM

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2018

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet fastset møte 14. mars, 26. april, 6. juni, 27. september og 3. desember.
2. Møtet 6. juni vert halde på Sandsøya.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2018 er det i tillegg til 17. januar sett opp møte 14. mars, 26. april, 7. juni, 27. september og 6. desember.

Vi må i møtet finne nye alternativ til 7. juni og 6. desember.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/18	033	10.01.2018	17.01.2018	IBM

ORIENTERINGSBESØK

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber sekretariatet utarbeide ei enkel oppsummering frå orienteringsbesøka.

Vedlegg

Ingen

Saksopplysningar

Orienteringsbesøk i Gjerdsvika 17.01.2018:

Kl. 09.00: Riises Minne

Orientering og omvising frå helse- og omsorgssjef Bård Dalen og leiar for heimetenesta Kari Johanne Skarmyr.

Kl. 10.00: Gjerdsvika oppvekstsenter

Orientering og omvisning frå Rektor Anne Margrethe Dybvik Hide.

Sekretariatet kan om ynskjeleg lage ei oppsummering frå orienteringsbesøket.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/18	033	08.01.2018	17.01.2018	IBM

UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Linda Solveig Dyrhol.

Møtet slutt.

OLAV MYKLEBUST
Leiar

LINDA SOLVEIG DYRHOL
Nestleiar

Utskrift til:

Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Rådmann – til orientering.
Ordførar – til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.